

# **Emnerapport høst 2015: HIM103 Islam og politikk**

**Emnekode og evt. tittel tema:** HIM103 Islam og politikk

**Semester:** 2015 Haust

**Emneansvarlig:** Knut S. Vikør

**Andre lærere på emnet:** Liv Tønnessen (CMI)

## **Undervisningsopplegget:**

Undervisninga besto av 12 dobbelttimar forelesing. Det var ikkje seminar, men eg hadde ein ”spørsmål-og-svar”- sesjon dagen etter kvar forelesing. Det var også ei Facebookgruppe for emnet.

## **Pensum:**

Pensum bestod av to hovudbøker, tre utfyllande monografiar, og utvalde artiklar frå to artikkelsamlingar. Pensum skulle dekke dei ulike sidene i emnets tema, med varierande vanskegrad frå innføringsbøker til temaartiklar. Vanskegraden ser ut til å ha vore høvelig, sjøl om tilbakemeldingar viser at noen begrep var vanskelige.

## **Kommentarer til evt. tilbakemelding fra studenter, evaluering eller eksamensresultater:**

Det har p.t. ikkje vore gjennomført noen formell evaluering av emnet i haust. Eksamensresultata ligg om lag på snittet for tidligare, litt under trulig grunna eit meir krevande spørsmål med begrensa pensumbasis. Det var svært godt oppmøte, det største talet avlagt eksamen vi har hatt på eit haustemne for HIM (HIM102/103) noen gong, og langt fleire enn vårens oversiktsemne HIM101. Fråfall var også noe under normalt.

## **Tiltak du vil vurdere for å forbedre undervisningen neste gang det undervises:**

Dei to nye tiltaka, ”spørsmålsmöta” og Facebookgruppe har vore positive. Det er rett nok berre eit fåtall som kom til møta, til sammen var kanskje 20 av 80 aktive studentar innom, med ein fast kjerne på 5-7. Men det er lite arbeidskrevande, og vi kan prøve det igjen, kanskje med mindre frekvens enn kvar veke. Facebook var moderat aktiv gjennom semestert, det var i hovudsak eg og eitpar studentar som skreiv der, men med eit merkbart oppsving like før eksamen. Det har aldri vore så mange spørsmål på epost (kopiert til FB) og FB etter siste forelesing som i haust, det har jo før ikkje vore noen kanal for slike spørsmål etter siste forelesing. Dette vil vi derfor halde fram med.

## **Undervisningsfasiliteter:**

Ingen merknader, det har ikkje vore problem her. Oppmøtetallet har vore mellom 70 og 80, slik at Aud A har vore eit naturlig lokale. Spørsmålsmöta var på Studentsenteret, og det er noe herk med at dørene der er låst, også når romma er i bruk. Men det er vel generisk.